

annonse@nordhordland.no

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1235 - 18/10550

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

05.04.2018

Ber om kunngjering i avisa

Vi ber om at de tek inn tekst under i avisa dykkar onsdag den 11. april. Utforminga som Lindås kommune si standard. Dersom noko er uklart så ta nærare kontakt.

«

Kunngjering 1. gongs offentleg ettersyn og høyring av framlegg til områdeplan for Alversund, del av gnr 137 og 138, planid.1263-200902

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte den 21. mars i år (sak 47/18), og i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, å leggje områdeplan for Alversund til offentleg ettersyn.

Planområdet er på om lag 300 dekar. Føremålet med områdeplanen er i første rekke å leggje til rette for ny barneskule med fleirbrukshall, aktivitetsområde, og tilhøyrande infrastruktur. I tillegg legg områdeplanen til rette for etablering av to nye bustadfelt, samt fortetting i etablert bustadstruktur. Planframlegget legg og til rette for tenesteyting på arealet der Alversund skule ligg i dag. Det same føremålet er føreslege på eit areal aust for fv 565. Fleire automatisk freda kulturminne er sikra i planen med omsynssone og arealføremål grøntstruktur, eller føremål landbruk- natur og friluftsområde. Tre automatisk freda kulturminne vert søkt frigjeve for å sikre gjennomføring av infrastruktur til skulen.

Plandokumenta består av plankart, føresegner, planomtale med risiko og sårbarheits vurdering, støyvurdering og støykart, og notat om konsekvensutgreiing. Samandrag av merknader og innspel til planarbeidet med vurdering er lagt inn i planomtalen.

Lindås kommune har **ope kontordag den 2. mai** frå kl. 15.30 til kl. 18.30 på Alversund skule. Plankonsulent vil saman med representantar frå plan- og miljøutvalet, og administrasjonen i kommunen vere til stades for å gje informasjon og svare på spørsmål.

Reguleringsplanen ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen på Lindås rådhus. Planen er og tilgjengeleg på kommunen si heimeside: www.lindas.kommune.no - «Høyringar og kunngjeringar».

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vi ber om at merknader til planframlegget vert sendt innan **23.05.2018** til: *Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kverhusmyrane 20, 5914 Isdalstø, via [elektronisk skjema](mailto:elektronisk.skjema@lindas.kommune.no) på heimesidene til kommunen eller til postmottak@lindas.kommune.no*. Merk sendinga med saksnummer 2014/1235.

Rådmannen

»

Med helsing

Frøydis Ones
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

torbjorn.dalland@nordhordland.no

Mottakarar:

annonse@nordhordland.no